

## Haustetilrådingar per 18.sept 2012 (etter prøveuttaking 17.sept)

NLR avd. Njøs og Sognefrukt har teke ut prøvar av Summerred, Raud Gravenstein og ein første testing av (Raud) Aroma. Frukta endrar seg raskt utover hausten om vèret er lagleg, så følg med i eigen hage! Høgt sukkerinnhald tyder på svært god kvalitet.

Me har teke ut prøvar frå nokre representative hagar for kvar sort og så må de relatera til eigen hage og kontrollera frukta dykkar sjølv før hausting og levering.

### **Ver obs på at det er litt endringar i krav frå Bama m.o.t. krav til hausta produkt;**

Spesifikasjonane får de tilsendt frå lageret. I år er også verdiar for stive (dvs. jodtesting) lagt inn. Sjå dykk difor ikkje blinde på berre sukkerverdien. Fargemal for grunnfarge kan de få ved å henvende dykk til Sognefrukt.

Ver merksam på at frukta modnar tidlegare på unge tre, tre med lita avling og på svake grunnstammer. Det er tilrådd at frukta vert hausta i fleire omgangar for å få maksimal kvalitet.

Grunnfargen MÅ vera på plass før hausting, og ein god indikasjon er også om frukta smakar godt!

## Summerred

Det er denne gongen teke ut prøvar i Sogndal og på Vangsnes; dvs. for litt seinare plassar. På tidlegare stader reknar me med at hovudplukkinga no er i full gong. Både fastheit, sukkerinnhald, stiveverdi og streifindeks ligg no innanfor det som er optimalt for hausting. På seinare stader kan ein difor byrja utorplukking i løpet av denne veka (veke 38) og planlegga full hausting i veke 39. Dette er siste vurdering me gjer av denne sorten i år.

## Raud Gravenstein

Det er teke ut prøvar på Slinde, Sogndal og Vangsnes, det vil seia både på tidlege og litt seinare stader. Resultata er i år ganske like for alle områda, og det er klart for ut or plukking over heile linja i løpet av denne veka (v 38) og at ein kan hovudhausta i neste veke (v 39).

**MEN viss du har både Summerred og Gravenstein, så må du prioritera å plukka**

**Summerred'en først!** Det blir ikkje teke fleire prøvar av Gravenstein i år.

## (Raud) Aroma

Det er teke ut førsteprøvar av (Raud) Aroma på Leikanger, Slinde, Sogndal og Balestrand. Dette for å sjå litt korleis sesongen ligg an. Det alt for tidleg med hausting for alle stader, og nye prøvar vil bli teke på måndag 24.september. Me skil ikkje på korvidt prøvane er tekne av vanleg Aroma eller Raud Aroma, men veit av erfaring at dyrkarane plar plukka den vanlege Aromaen først. Det viktigaste er uansett at grunnfargen er på plass! I år skal denne vera minimum 3 på fargeskalaen etter krav frå Bama. Bama spesifikasjonane tillett dessutan i år ein dekkfarge ned mot 20% (mot 30% i fjor).

## Rubinstep

Då det er planta litt av denne sorten i området seinare år, vil me på måndag 24.sept også ta eit par prøvar av den for å sjå på utviklinga og å "bli kjent med" sorten.

Mvh

Norsk Landbruksrådgiving Sogn og Fjordane

Marianne Bøthun; tlf: 95290740

Olav Sørum; 97145058